



« Dette viser tydeleg vilje til å satse på Sørstrand. Vi skal ta vel vare på pengane.»

Jan Henrik Nygård

BRUER: Sørstrand er blitt ei populær strand for mange ulike aktiviteter. Trebruer i kystmuseumsstil til øyane utanfor er noko av det første Foreninga Sørstrand Folkepark vil satse på.

Får pengar til trebruer på Sørstrand

FLORØ: Folkeparken på Sørstrand får heile 700 000 kroner av INU-fondet i år og neste år. Prosjektet er klart det som fekk tildelt mest av desse midlane i Flora.

OLAV HATLEMARK
olav.hatlemark@firdaposten.no

Dei tre bruer er klart etter at ordførar Bente Frøyen Steindal fekk full støtte i Flora formannskap for sine forslag til fordeling.

Fondsstyret har avgjort å løyve to millionar kroner til Flora i 2010 og 2011, oymærkt tettstadutvikling. I vårt fylke får berre kommunane Flora, Førde og Sogndal pengar frå INU-fondet, som kompensasjon for auka arbeidsgejaravgift.

Planane klare

– Dette er vi svært nøgde med. Det viser tydeleg vilje til å satse på Sørstrand. Vi skal ta vel vare på pengane, kommenterer Jan Hen-

rik Nygård, fersk leiar for det nye stiftinga Sørstrand Folkepark og det prosjektet i Flora som denne gongen får klart mest pengar frå INU-fondet i dei to aktuelle åra.

Dei hadde inne ein søknad på 2,7 millionar kroner for heile prosjektet.

Nygård har klare planar for kva dei skal bruke pengane til.

– Vi kjem langt med å få realisert trebrueane til øyane utanfor badestranda, og vi får lofta stranda. Vi får rydda gamle stiar og vegar, kultivert og laga plen på eit par gamle marker i området og får laga eit amfi for kulturelle framsyningar.

Dei har alt sett arkitektstudent Eskil Nybø i sving med å teikne utkast over området med brueane, som Firdaposten viste nyleg fram.

I Flora søkte 15 søkte organisasjonar og privatpersonar om INU-stotte denne gongen. Fjorten får pengar.

Tårnet på Likkjeåsen får tildelt 50 000 kroner utan eingong å ha søkt. Askrova bygdelaag er einaste søkjar som fekk avslag. Dette grunna ordføraren i at dei ikkje

SØRSTRAND FOLKEPARK

Stifta juli 2010.
Føremål: Saman med kommunen jobbe for å realisere folkeparken som rekreasjonsområde, utvikle parken og ta vare på kulturminna som er her. Foreninga baserer seg på frivillige og skal vere upolitisk sjøveigande og drive på ideelt grunnlag. Prosjektet starta i 2009 av eldsjeler med Magne Hovland i spissen. Området er på 175 da. Har bygt badestrand for småbarnsfamiliar.

Styre: Leiar Jan Henrik Nygård, nestledar Sigmund Frøyen og prosjektleiar Magne Hovland.

Prioriterte planar:
Bruer til øyane utanfor badeplassen. Reiskapshus og ambulerende saniterstasjon.
Rullestolrampe til stranda.
Sandfotballbane/sandvolleyballbane.
Amfi for arrangement og plenområde.
Parkering og vegar.

driv med tettstadutvikling Derimot har skyteanlegget på Grovastøyen fått tildelt til saman 400 000 kroner til innreing av klubbhuset. Ordføraren Bente Frøyen Steindal argumenterte med at det å flytte skytebanane frå sentrum til Grovastøyen i aller høgste grad må kunne kallast tettstadutvikling.

Utkaentspørsmål

Ole Chr. Rynning, Sp, meiner at

ordføraren for framtida burde finne grunnlag for å støtte fleire tiltak i utkantane, fordi slike tilbod også er til glede for dei som bur sentralt i kommunen.

Ordføraren har også oppført 300 000 kroner for leikeplassar i sentrum.



Fann skada katt

– Måndag kveld fann tilsette ved Quality Hotel i Flora ein skadd katt i bakgården til hotellet. Den halta stygt, fortel Unn Vatsø i Dyrebeskyttelsen. Tilsette på hotellet tok vare på katten, og tysdag tok dei han med til dyrlege Hanne Husebø Kristensen.

Ho fortel at katten er ein ung hannkatt, med svart halv-lang pels. Katten er kjælen og snill, og er ikkje kastret. Katten blir verande på Dyrelinnikken i nokre dagar.

– Viss nokon saknar ein katt, og trur det kan vere deira katt som er funnen, så kan dei ta kontakt med Dyrelinnikken, seier Vatsø.

Ho er sikker på at katten er ein tamkatt, men den har ikkje band eller noko identifiseringsmerke på seg.

Ei krone pr. innbyggjar

Flora formannskap har vedteke å yte ei krone pr. innbyggjar til TV-aksjonen: Flyktningehjelpa 2010.

Flora kommune har hatt som regel å yte ei krone pr. innbyggjar til desse aksjonane. Byen hadde 11 586 innbyggjarar ved årsskiftet, og med det som utgangspunkt har formannskapet vedteke å gjie 12 000 kroner til aksjonen. Pengane skal gå til mat og husly, drift av flyktningeleiar, utdanning og fri rettshjelp. Om lag 42 millionar menneske er i dag på flukt frå krig og konflikter rundt om i verda.

Venterom i Batalden

Flora formannskap har løyvt 10 000 kroner til nytt venterom på Batalden kai på Fanøy. Det er Batalden grendelag som skal bygge og koste venterommet, og pengane frå kommunen er eit kjærkome tilskot. Bakgrunnen for bygging av venterom er at skulen blir nedlagt i år, og 10 elevar skal dagpendle til sentrum. Grendelaget skal bygge rommet på dagnad, og materialkostnaden er stipulert til 40 000 kroner.



Kriminallomsorgens utdanningscenter KRUS

Bli fengselsbetjent!

Jobben er så viktig at du får lønn fra første skoledag! Fengselskolen tar nå opp et nytt kull aspiranter.

Utdanningen går over to år og omfatter om lag et år med praksistjeneste i et av landets mange fengsler og et år med teoriundervisning ved skolen i Oslo.

Du er garantert jobb etter bestått utdanning.

Søknadsfrist er den 26. august

Se utlysningen på www.fengselskolen.no

INU-TILDELINGAR I FLORA		
(søknadssum i parentes)		
■ Klubblokale på Grovastøyen: 400 000 kroner (550 000)	■ Kinn Kystlag, slipp sanitæranlegg 80 000 (80 000)	■ Soldalen hestesenter, opprusting 150 000 (250 000)
■ Byakvariet, overbygg hagepark 200 000 kroner (300 000)	■ Flora kino, kinoløret: 250 000 (425 000)	■ Stiftinga Svanhild, nye segl, tauverk: 125 000 (350 000)
■ Eikefjord grendelag, utvikling sentrum sør: 100 000 (401 500)	■ Hippipp Flora sentrumsetabling: 200 000 (400 000)	■ Songkoret Jomentum, paviljongen: 50 000 (100 000)
■ Flora golfklubb, veg: 200 000 (300 000)	■ Askrova bygdelaag, tomtutvikling: 0 (475 000)	■ Hestesportssenteret: 300 000 (300 000)
	■ Florevika gjestebrygge 100 000 (sentrumutvikling)	Leikeplassar i sentrum: 300 000